

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Fylke: Møre og Romsdal,

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Ulstein,

Emne: nr. 1. ARD OG PLOG.

Bygdelag: Osnes og Ulsteinvik,

Oppskr. av: Hans B. Osnes

Gard: Dei same.

(adresse): Ulsteinvik.

G.nr. 7 og 8 Br.nr. 1 til 7 og
1 til 4.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, og ogsaa etter det eg har høyrte av eldre folk.
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta ogsaa med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det eg veit om Ard og Plog, brukt i Ulstein.

1. Ard har ikkje vore brukt her i heradet, saavitt eg har faatt spurt opp.

Plog derimot har vore brukt nokksaa langt attende, iallfall i dei siste 150 a 200 aar.

2. Som nemnt har ikkje ard vore brukt her i heradet. Til aa løyse opp aakergrunnen føre saainga vart aakrane pløgde og der aakrane antan var for smaa til aa bruke plog, eller det var for bratt som det ogsaa kunne vere paa sume gardar, der vart aakrane spadde opp, i eldre tider med spagræv og i seinare tider med jarnspade eller greip av jarn.

Spagræva var av tre som ein spade med jarnbeslag, paalag som vedlagde teikning, der jarnbeslaget var det som paa teikninga er skravert. Det gjekk utruleg fort aa faa aakeren i saaferdig stand paa denne maaten ogsaa, for dei stod jamsides paa aakeren mann og kvinne, saamange som der paa garden var arbeidsføre folk, naar dette arbeidet gjekk føre seg.

Etterkvart aakeren vart oppspadd, vart han ogsaa sletta, d.v.s. at alle klompar vart sundslegne og all mold godt jamna, saa aakeren var slett og fin aa saa.

Etter at aakeren var oppspadd - og derved ogsaa gjøsla nedspadd i aakeren - vart han tilsaadd, og for aa faa konnet ned i molde, vart aakeren mylda med mylderiva. Mylderiva var skapt paalag som ei vanleg rive, anna enn at det var ferre tindar paa ho, men disse var av jarn og treverket var tjukkare og førare med eit sterkt skaft, saa ho tolde at ein drog ho att og fram med kraft. Konnet vart vel nedmylda paa denne maaten.


Daa Ard ikkje vart brukte her i bygdene, vart heller ikkje slik reidskap brukt ved potetsetjing. Etter som gamle folk har fortalt og som eg minnes ogsaa ha sett, vart potetene fraa fyrst sett paa den maaten at aakeren vart føra opp etter eit snøre med ~~antan~~ eit grev, og potetene sette i den fora, og saa vart det greve opp ei ny for og daa passa paa aa faa greve attover den fyrste, eller det vart spatt ei før med spagræv eller spade langs etter det snøret eller toget som var strakt ut der føra skulle vere og som vart halde paa plass av ein pinne i kvar aakerreine.

Hyppeplog kom i bruk her i bygda for paalag 40-50 aar sia. Det var folk i Ørsta og Volda som tok til aa lage seg hyppeplogar, og derfraa kom saa i den fyrste tid ein og annan slik. Saa tok ein og annan bygdesmeen til aa lage slike, og no er dei i bruk her, dersom daa ikkje nye moderne reidskap til dette bruk er innkjøpt, det det ogtaa er.

13. Aakerplog har det som før nemnt vore brukt her i bygda i minst 150 a 200 aar, kanskje lenger.

Dei fyrste aakerplogane var heimegjorde av bygdesmear, og disse hadde ymse skap. Dei eldste som eg saag i min barndom (i 1870-80-aara) hadde veltefjøl av tre. Ho stod noko paa skraa fraa plogspissen og utover og attover og øvste kanten halla visst ogsaa noko utover, saa molda vart velt noko utover.

Ein plassemann paa Osnes brukte ein slik heimegjord plog heilt ut i dette hundradaaret til omkring 1910 eller saa. Men alt i kring 1870 og utetter kom plogar med jarnveltefjøl i bruk. Disse var arbeidde av bygdesmedar, naar det galt sjølve veltefjøla. Treverket vart arbeidd av dei som skulle ha plogane, medan saa smeden smidde dei jarn som skulle til ilag med veltefjøla.



Noko isenn kom saa ferdiglaga plogar, serleg saakalla Oliver-Plogar med tvo styrer, seinare kom saa Kvennalandsplogane fraa Jederen, og dei tok luven fraa alle og vart brukte overalt her, baade til aakreplogar og til markaplogar.

Kva det vart betalt for dei heimelaga plogane med jarnveltefjøl minnes eg ikkje grannt, daa eg var saa liten, daa far kjøpte fyrste plogen med smeden heime, men etter prisane paa andre smivarer, saa tenkjer eg at smeden tok saa ei 15-20 kroner for aa smi til ein slik plog med det jarnstell som høyrde til. Over 25 kroner var det no ikkje. Eg veit at den same smeden tok kr.20 for aa sko eit par møkvaagnhjul. Der skulle sikkert meir jarn til skodning paa dei enn der gjekk til ein plog, men det var nokk meir arbeid paa ein plog.

No er ogsaa Kvernlandsplogane snart ei soge berre, dei ogsaa, for no har maskinstasjonar og traktorar teke over all pløging, og saa kjem det til at gardbrukarane her no har lite aaker oppe. Det som vert pløgt opp no, vert jamnast tilsaadd med grasfrø. Det gjeld aa faa mykje og godt gras, daa det er mjølke- og kjøtsal som no etter maaten skaffar mest inntekt med den vannhjelp som no er paa gardane, -- kor lenge dette gaar.

14. Paa den plata som føl med Emne 1 er der ikkje nokon plog nr.fig.8. Men etter det eg ovanfor har fortalt, saa er det berre Kvernlandsplogar og kanskje ogsaa Kyllingstadplogar som no er i bruk der det ikkje vert brukt traktor med tilhøyrande plog.

Veltefjøla paa dei treplogane eg har sett^{ser} var veltefjøla av tre og flat. Kanhende at sume meir førseg gjorde plogar med treveltefjøl har hatt veltefjøl noko kruma, men eg har ikkje sett slike, og ikkje høyrde eg snakk om sløke heller.

Veltefjølene paa dei som bygdesmedane smidde av jarn var vridde, men dei velte ikkje godt. Daa vart der annan tale, daa Kvennalandsplogane kom. Dei velte godt,sa dei, men i sume slags jord hadde dei oftaa vanskeleg for aa gjere seg reine.

Den treplogen av tre og som eg har prøvt aa avbilde her ovanfor hadde aurskida (skoen som han var kalla her) av tre og var noksaa tjukk, og saa var der i framste enden paaspikra ein spiss^{x)} som i attaste enden visst gjekk noko oppover den fremste oppstøingen til styret, om eg ikkje minnes feil. Noko serskildt namn paa dei ymse plogtypene kan eg ikkje minnes aa ha haurt.

x) av jarn

15. Eg kan ikkje minnes at plogkaren hadde med seg øks eller spade eller annan reidskap for aa renske veltefjøla, men eg minnes at det vart brukt eit grev til aa skrape av veltefjøla med, naar ho var alt formykje belagd med jord.

Grevet fekk plogkaren hjaa ein eller annan av dei som stod langs fora for aa "slette", det vil seie smuldre molda og plukke vekk ugrasrøter. Det hende ogsaa at plogkaren skrappa molda av veltefjøla med foten. Det vart no ikkje velgjort, men det muna daa noko.

16. Det var her vanleg aa velte ploegen paa den sida der veltefjøla var, naar ein kjøyrde ploegen attende for aa ta ei ny for.

17. Her vart det ikkje brukt aa slaa nokon kloss paa aasen til aa drage ploegen paa. Men eg minnes fraa Fiksdal i Vestnes, der eg var i 8 aar, at dei der hadde som ein liten meid paa den sida av ploegen der veltefjøla ikkje var, og at ploegen vart dregen paa denne meiden. Denne meiden vart der kalla "slephæl".

18. Paa vanlege gardar var det ikkje vanleg aa ha baade høgrehands- og venstrehandsplogar. Det hende nokk paa ein og annan gard, men det var ikkje vanleg. Vanleg hadde ein berre høgrehandsplogar. Grunnen til at det var brukt helst køgrehandsplogar var vel noko Vanen og noko at det var lettare aa styre ploegen med høgrehanda enn med venstrehanda. Daa dei allerfleste brukte høgrehandsplog, var det det vanlege at ein lærde seg aa pløggje med høgrehandsplog, og om ein saa skulle koste seg ny plog, vart det ein høgrehandsplog.

Ved berre bruk av høgrehandsplogar vart sjølsagt molda førd meir til det aakerland der fora slutta enn der skulle vere, men dette vart retta paa ved at det før ein tok til aa pløggje vart "kjaurt reine". Det var aa ta opp ei for med spade langs det landet der fora enda og kjøyre det til det landet der fora tók til og breide det der langs "landet".

Det same vart gjort der ein tok til aa pløggje. Den "reina" vart kjaurt opp til øvste "landet" og der breidt langs dette, daa siste fora ville lage ei opa for der, om det ikkje vart kjaurt mold eller jord dit kvart aar.

Her var nokk sluskne gardbrukarar som lite brydde seg med aa "kjøyre reine", og slike fekk ikkje noko godt ord paa seg som gardbrukarar. "Det synte seg paa aakrane, kva slags jordbrukar han er", vart det sagt om slike.

19. Djupta paa forene kunne vel vere saa ymse. Vanleg var forene kring 20 cm. djupe, heller mindre enn meir. Paa dei heimelaga plogane og likeeins paa dei heimesmidde var der ikkje stillbar slopesko eller hjul. Fyrst daa det tok til aa kome fabrikerte plogar vart slike reidskap paa plogane vanleg.

20. Ristill var det heller ikkje paa disse plogane.

21. Plog med berre ristill fest til eit plogsjelett har ikkje vore brukte her i heradet, saavitt som eg veit.

22. Naar ploegen vart kjøyrd fraa loda eller fjøsskur, der han var vorten forvart vinteren over, og ut paa aakeren, var det vanleg aa setje øyken i plogdrøttet og kjøyre ploegen ut paa aakeren. Det var ikkje brukt nokon eigen slede eller vogn til det. Berre naar aakeren laag serleg langt fraa husaa vart nokk ploegen kjøyrd dit og daa paa vanleg møkvaagn.

23. Eg hjenner ikkje til at det her i heradet har vore brukt saakalla Falkenstenplogar eller Jarlsbergplogar.

Som før nemnt har her berre vore brukt namnet plog til aa rive opp jorda paa aakrane for aa gjere dei ferdige til saaing.

Plogaasen vart her kalla "araasen". Om det namnet hadde

noko samanheng med "ard" torer eg ikkje ha nokon meining om. Uttalen av dette namnet lydde beint fram etter bokstavane "ar-aasen". Der høyrdest ikkje nokon d. Kva kjøn "ard" kunne ha i bygdemalet, torer eg heller ikkje seie noko om. Eg skulle tru at det ville ha vore hankjønn i vaart bygdemaal, om det hadde vore brukt her.

Namnet plog vart og vert uttala beint fram som bokstavane seier: plog, og ordet er hankjønn i vaart bygdemaal.